



Den nye overvassleidningen frå Ospelunden og ut i fjorden har svære dimensjonar og vil forhåpentleg med eit tverrsnitt på 80 centimeter ta unna det meste. Dimmelsvik Entreprenør som har entreprisen treng store maskinar for å gjennomføre prosjektet og det har også vore naudsynt å sprengja seg fram.

I dag har vatnet vore stengt av i deler av Korsneset fordi det måtte sprengjast i nærleiken av vassleidningen. Biletet over er teke ved eit knutepunkt - og holet illustrerar dimensjonane. Frå dette punktet like ved huset til Rimestad skal utslippet førast rett ut i fjorden.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen.